



## SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	23/472

### TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND TIL OPPSTART OG UTVIKLING AV SCANDINETWORKS AS

#### Vedlagte saksdokument:

Kommunalt næringsfond - Søknad om tilskot  
Scandinetworks AS- Søknad om støtte for næringsmidler  
Forretningsplan Scandinetworks

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i fondsvedtektene § 2 «Formål», får Scandinetworks AS, v/ Peter Staffen, tildelt inntil kr. 300 000,- i tilskot frå kommunalt næringsfond til etablering og oppstart av selskapet.

Tilskotet skal nyttast ved utvikling av tilbud og tenester knytt til vedlikehald og oppgradering av basestasjonar for 4G- og 5G-antenner.

Løyvinga utgjer maksimalt tilskot ut frå «godkjente kostnader» og næringsfondet sine vedtekter § 2.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt rapport med naudsynt dokumentasjon (faktura/kostnadsdokumentasjon og liknande). «Godkjende kostnader» vert lagt til grunn for utbetalinga, og lågare kostnader kan gje lågare tilskot.

Det kan gjennomførast delutbetaling av inntil 70 % av løyvd tilskot etter skriftleg førespurnad.

Løyvinga gjeld i to år frå vedtaket er fatta, fram til 01.05.2025. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Scandinetworks AS, v/ Peter Staffen, søker om kr. 300 000,- i støtte frå næringsfondet til oppstart og utvikling av aksjeselskapet. Selskapet skal yte tenester for kontraktørar som har avtale med Telenor og Telia om oppgradering av basestasjonar med 4G- og 5G-antenner. Administrasjonen og drifta skal styrast frå Stavenesvegen 1 i Vaksdal kommune (hovudkontor), medan arbeidet vil skje i store delar av landet.

Det er utarbeidd forretningsplan for drifta, med oppsett over forventta etableringskostnader, driftskostnader, omsetjing og lønsemd, jf. vedlegg.

Søknaden om midlar frå næringsfondet er knytt til budsjetterte oppstartskostnadar på kr . 3 280 000,-. Med bakgrunn i vedtektene for fondet § 2 og 4, set Kommunedirektøren «godkjente kostnadar» til kr. 940 000,- (finansieringsgrunnlag).

Kommunedirektøren vurderer at føreståande satsing er i tråd med næringsfondet sitt føremål om å leggje til rette for næringsutvikling i kommunen, jf. fondsvedtektene § 2.

Kommunedirektøren rår til å løyve kr. 300 000,- i tilskot til Scandinetworks AS, i samband med etablering av selskapet. Dette er maksimal tilskotssats i høve i vedtektene sine rammer, jf. § 4.

### **Bakgrunn for saka**

Vaksdal Kommunale Næringsfond skal nyttast til å fremje næringsføremål i kommunen, jf. vedtektene § 2. Fondsstyret, ved Formannskapet/plan- og økonomiutvalet (FPØ), fattar vedtak om løyving frå fondet, etter innstilling frå administrasjonen.

I søknad av 29.03.23, søker Scandinetworks AS, v/ Peter Staffen, om kr. 300 000,- i støtte frå næringsfondet til etablering og utvikling av aksjeselskapet.

Scandinetworks er eit nyleg starta selskap som skal yte tenester for kontraktørar av Telenor og Telia i samband med drift av 4G- og 5G-antennar, landet over.

Føretaket er registrert i Brønnøysundregistrene, org. nummer 931081136 , med bygging av anlegg for elektrisitet og telekommunikasjon som næringskode. Stavenesvegen 1, 4628 Vaksdal er oppgjeve som forretningsadresse. Peter Staffen, busett på Stavenes, er dagleg leiar for selskapet. Han er kjend med bedriftsleiing og forretningsøkonomi, i følgje søknaden.

Scandinetworks skal tilsette personar for gjennomføring av oppgåver, etter oppdrag frå ulike kontraktørar. Det er lagt opp til å nytte utanlandsk arbeidskraft.

Det er meir enn 20 000 basestasjonar i Norge, der kvar stasjon treng vedlikehald og oppgradering annakvart år, samstundes som nye skal etablerast. Fleire bedrifter tilbyr tenester innanfor bransjen, men etterspurnaden etter tenester er stor. Scandinetworks har i dette høvet god kontakt med marknaden.

Selskapet skal finansierast gjennom eigenkapital, investorarar, lån og inntening m.m.

Med bakgrunn i forretningsplanen, er det gjort følgjande, økonomiske overslag:

- Estimert investeringsbehov ved oppstart : kr 3 280 000
- Estimerte driftskostnadar per måned : kr. 1 049 221,-
- Estimert omsetjing per måned : kr. 1 950 000,-
- Estimert lønsemd per måned : kr. 900 779,-

I følgje søknaden er investeringskostnadene ved oppstart knytt til følgjande:

- Formelle høve ved etablering (gebyr, rekneskapsførar, m.m.) : kr. 50 000,-
- Bedrifts- og marknadsføringsmaterielle : kr. 20 000,-
- Bil (MB Sprinter, med leasingavtale m.m.), 3 stk. : kr. 2 610 000,-
- Verktøy, datautstyr, tryggleiksutstyr m.m. : kr 600 000,-
- SUM : kr. 3 280 000,-

Administrasjon og organisering av verksemd vil skje frå Vaksdal kommune, med dei verdiane og ringverknadane dette kan gje for kommunen.

#### Formelt grunnlag:

- Vedtekter for Vaksdal Kommunale Næringsfond, vedtekne av kommunestyret den 14.06.22.
- Vedtak i kommunestyret den 21.06.22, sak 05/2023: «*Oppstartsdato for Næringsfondet skal vere 14.06.22, og søknader sendt inn etter denne dato skal behandlast. Det må søkjast innan 1 år etter tiltaket er iverksett. Det er opp til fondsstyret å vurdere dato for når eit tiltak er fullført eller ikkje*».

#### Vurdering og konsekvensar:

Søkjjar innfrir kravet om å vere registrert med føretak i Brønnøysundregistrene, og innhaldet i søknaden gjev tilstrekkeleg informasjon for sakshandsaming, jf. §§ 2 og 4 i fondsvedtektene.

Søknad frå Scandinet AS dreier seg om ei omfattande og ambisiøs satsing på eit tenestetilbod i ein konkurranseutsett marknad, med stort investeringsbehov ved etablering, men også med vesentleg inntektspotensial og høg etterspurnad etter arbeid, der oppdrag oftast vil vere knytt til langsiktige kontraktar.

Som tilbydar i denne marknaden, vil det vere naudsynt med god marknadskontakt, tilstrekkeleg med ressursar, økonomisk og materielt, høg mobilitet og tilgang på kompetent og stabil arbeidskraft.

Scandinet AS er eit nyleg starta selskap, som endå ikkje har fått tildelt oppdrag, etter kva Kommunedirektøren kjenner til (atterhald om feil). Selskapet tilkjenner likevel god bransjekunnskap og marknadskontakt, og å vere ein aktuell og attraktiv underleverandør av tenester. Selskapet er som nemnd under etablering, men inntrykket er at organiseringa er kome so langt at tenester kan leverast på kort varsel.

Det vil likevel vere knytt ein risiko med å gje tilskot til selskapet, sidan det er usikkert kor god forankringa er i marknaden, med forventa oppdragsmengd. Likevel vil økonomisk støtte utgjere eit viktig bidrag i ein oppstart- og etableringsfase, ved å delfinansiere naudsynte investeringar.

Det praktiske arbeidet gjennom oppdrag som selskapet får tildelt, vil som nemnd skje i store delar av landet, og i liten grad i Vaksdal kommune. Lokaliseringa av verksemda i kommunen, med Stavenes som administrasjonssenter, vil likevel kunne gje verdiar og positive verknad lokalt, og soleis innfri kravet i vedtektene til næringsfondet, om å fremje næringsverksemd i kommunen.

I følgje fondsvedtektene § 2 tredje ledd, kan det gjevast tilskot til investeringar i varige driftsmidlar eller annan produksjonsfremjande verksemd. Forretningsplanen til selskapet gjev oversyn over estimerte utgifter og investeringar ved oppstart/etablering. Med bakgrunn i vedtektene finn Kommunedirektøren rom for å godkjenne følgjande utgifter som finansieringsgrunnlag:

- Kostandar med etablering av selskapet : kr. 50 000,-
- Design, mal, web, logo m.m.) : kr. 20 000,-
- Innkjøp av bil (MB Sprinter 4x4) : kr. 870 000,-
- SUM : kr. 940 000,-

Fondsvedtektene § 4 første ledd, seier at finansiering frå fondet som hovudregel ikkje skal overstige 30 %, eller opp til kr. 300 000,- av den totale kapitaltrongen for eit prosjekt. I gjeldande sak har Kommedirektøren avgrensa «godkjente kostnader» til kjøp av 1 av 3 bilar, som gjer at godkjent

finansieringsgrunnlag er lågare enn estimerte kostnader.

Med bakgrunn i «godkjente kostnader» og maksimal tilskotssats, er det grunnlag for å løyve kr. 300 000,- i tilskot til Scandinetworks AS (maksimal ramme). Tilskotet samsvarar med søknadssummen.

#### SAMLA VURDERING

Som det går fram av saksvurderinga, finn Kommunedirektøren at den føreståande verksemda til Scandinetworks AS er i tråd med næringsfondet sitt føremål om å fremje næringsutvikling i kommunen, med hovudvekt på at administrasjon og drift vil bli styrt frå Stavenes. Det er usikkert kor godt føretaket vil etablere seg i marknaden, og det er knytt risiko til ei tildeling av eit tilskot. Likevel er inntrykket at det er stor etterspurnaden etter tenestene som skal tilbydast, og satsinga kan seiast å vere nyskapande for kommunen, med potensial for arbeidsplassar/syssetjing. I dette høvet vert det gjort framlegg om å løyve kr. 300 000,- tilskot frå næringsfondet.